



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd, Samisk kyrkjeråd

### UKM 09/08: Våre kristne sysken i Midtausten

*De er alle Guds born ved trua på Kristus Jesus. For alle de som er døypte til Kristus, har kledd dykk i Kristus. Her er ikkje jøde eller grekar, her er ikkje slave eller fri, her er ikkje mann og kvinne. De er alle ein i Kristus Jesus.*

(Gal. 3, 26-28)

Ungdommens kyrkjemøte (UKM) er uroa over situasjonen til dei kristne som lever i Midtausten, og dei vanskane dei slit med. I Israel/Palestina, Egypt, Jordan, Libanon, Syria og Irak har det budd kristne heilt sia apostlane si tid. I dag flyttar mange kristne bort frå regionen, og mange unge ser ikkje noko framtid i Midtausten. Dette heng i stor grad saman med politiske forhold i dei ulike landa. Dei kristne i Midtausten ser at Vesten byr på fleire høve i forhold til utdanning, jobb og å praktisere og leve ut trua si friare. UKM synes det er trist at dei kristne opplever situasjonen som så vanskeleg at dei vel å flytte frå Midtausten. Dei kristne er ein viktig del av det religiøse mangfaldet og kulturen i regionen. Midtausten er kristendomen og alle kristne kyrkjer sin fødestad.

#### **Fellesskap i tru og utfordringar for dei kristne**

Kristne i Norge og kristne i Midtausten deler den same trua, og er del av den same verdsvide kyrkja. Vi har òg nokre av dei same utfordringane i forhold til å vitne om trua vår i den konteksten vi lever i. Som kristne i Norge møter vi i aukande grad eit samfunn som er sekularisert, og kor trua har fått ein mindre plass i samfunnet. I Midtausten lever dei kristne som minoritetar i land med muslimske og jødiske majoritetar. Samstundes ser vi at det er andre utfordringar for dei kristne i Midtausten, der til dømes det å misjonere for trua og konvertere frå islam til kristendom kan medføre store problem.

UKM ser at kampen for demokrati, menneskerettar og fridom er vanskeleg mange stader i Midtausten. Desse verdiane må formast og utviklast av folka som lever i regionen, og ikkje bli påtvunge utanfrå som vestlege verdiar. Kampen mot terror, særleg krigen i Irak og Afghanistan, byggjer ikkje berre opp agitasjon og hat mot Vesten i Midtausten, dei gjer også at dei kristne i Midtausten lir. Dei kristne blir i aukande grad assosiert med "det kristne Vesten" og den politikken som vestlege makter fører i regionen.

#### **Fred i Det heilage landet**

UKM ser at mange i Den norske kyrkja har hatt, og framleis har sterke band til Israel og det jødiske folk. UKM ber om at denne omsorga og medkjensla også må omfatte det palestinske folket. I år markerer jødane at det er 60 år sia staten Israel blei oppretta. Samstundes markerer palestiniane 60 år sia Al-nakba, fordrivinga av palestinske menneske frå hus og heimar i samband med at Israel blei skipa som stat. Desse markeringane kallar på nytenking og nytt engasjement frå alle som vil dei ulike partane vel. UKM ser at det er viktig å vere oppmerksam på skilnaden mellom Israel slik det er omtala i Bibelen og staten i Israel i dag. Som kyrkje kan vi ikkje nytta lovnaðar til Israelsfolket i Det gamle testamentet for å grunngje og forsvare okkupasjon og undertrykking av det palestinske folket i strid med internasjonal lov og rett.

UKM ønskjer å støtte alle menneske som arbeider for fred og rettferd i Det heilage landet. UKM vil særleg leggje vekt på at religionsdialog kan være eit reiskap for fred. Vi vil trekke frem det arbeidet som Mellomkyrkjelig råd for Den norske kyrkje har

gjort for å få i gang ein dialog mellom jødiske, muslimske og kristne leiarar i Israel/Palestina gjennom det interreligiøse rådet i Det heilage landet.

### **Kunnskap om og kontakt med dei kristne i Midtausten**

Vi veit ikkje nok om kva menneska i Midtausten treng, og kva vi kan gjere for folk generelt og for dei kristne spesielt. Vi ser at vi treng å få meir kunnskap om forholda der og situasjonen deira. Når ein får slik kunnskap inneber dette ansvar, men også høve til å gjere noko. UKM ser at ein rekke norske kristne organisasjonar har eit arbeid i og for dei kristne i Midtausten. UKM ønskjer at kristne i Norge vidare utviklar kontakten med dei kristne i regionen. UKM oppfordrar difor bispedøme, kyrkjelydar og organisasjonar i Norge til

- å skipa venskapsavtaler med kyrkjer i Midtausten
- å utvikle besøks- og utvekslingsavtaler mellom kristen ungdom i Norge og Midtausten, og til å dele erfaringar og kunnskap
- å få kontakt med kristne med bakgrunn frå Midtausten som nå bur i Norge og inkludere dei i våre fellesskap, samt bruke deira kontaktar og ressursar inn i gudstenesta og arrangement.
- å gi offer og gåver til kyrkjelydar og kristne organisasjonar i Midtausten.
- å be for dei kristne i Midtausten
- å markere og delta i den årlege solidaritetsveka for Israel og Palestina i regi av Kyrkjenes verdsråd.

UKM 08 ber Utval for ungdomsspørsmål om å sjå på høvet til å følgje opp denne saken fram til neste UKM, med tanke på å auke kunnskapen om situasjonen til dei kristne i Midtausten.

---

37 røysteføre.

Samrøystes vedteke.

Med etterhald om redaksjonelle og språklige endringar.